

Olga Ellingseth

Gnr. 53 bnr.1
6872 Luster

Gøril Elsebe Urdahl

Gnr.53 bnr.2
6872 Luster

Hans H Urdahl

Gnr 53 bnr. 3, 4 og 5
6872 Luster

22.8.2007

TIL

NVE

Region Vest

Postboks 53

6801 FØRDE**LUSTER KOMMUNE****6868 GAUPNE****MERKNAD TIL SØKNADEN OM LØYVE TIL Å BYGGE DØSJAGROVI
KRAFTVERK I LUSTER, LUSTER KOMMUNE**

I SOGN AVIS DEN 07.07.07 stod kunngjeringa at Luster Energiverk og Harastølen AS hadde søkt om å byggja Døsjagrovi kraftverk. Vi las gjennom konsesjonsøknaden, der fann vi ingenting om våre vassrettar som vart kjøpte i 1869. Derfor sender vi denne **merknaden**.

I vårt nærområde kaller vi denne elva for **Røseteelva**, det er den same elva som dei i konsesjonssøknaden kallar **Døsjagrovi**.

Litt historie:

Saude er ei lita grend sørvest for Harastølen. Dette området vil vi påstå er ein av dei tørraste plassane i Sogn. Det er berre dei mest nedbørsrike åra vi kan vera sjølvforsynte med vatn. For å bota på vassmangelen vart det i **1869** inngått avtaler med grunneigarane mellom Saude og Døsjagrovi (Røsetelva) som gjaldt erstatning for grunn til bygging av ei vassveit. Det vart også betalt engongs erstatning for vatn til Ole Fuhr (1814 – 1884) som då var eigar av "For" inklusive Harastølen (sjå vedlegg kopi avtaler inklusiv avskrift). Vassveita, som er på 3 km, vart bygd på same tid som avtalen vart inngått og blir kalla "**Sausveiti**". Det var folk frå Gudbrandsdalen som stakk veita, for dei hadde lang erfaring med slikt arbeid.

Då St. Jørgens Hospital starta utbygginga av Harastølen ved årshundreskiftet (1900), vart Sausveita liggjande rett gjennom tunet. Det skal då ha vorte inngått ein avtale mellom grunneigarane på Saude og St. Jørgens Hospital om at St. Jørgens Hospital kunne leggja

veita i røyr gjennom tunet, og dei skulle også ha vedlikehaldet av røyra. I dag ser ein att restane av trerøyra på austsida av tunet på Harastølen, diameter på utsida er 30 cm og på innsida er ca 25 cm.



Bilde viser den gamle trerøyra som ligg mellom tunet på Harastølen og Døsjagrovi (Røsetelva). Diameter på 30 cm, den førde vatn til Sausveiti.

I etterkrigsåra vart det mindre med folk på gardane, og vedlikehaldet av bl.a. Sausveita vart ikkje så godt som før. Dette førte til at vasstapet i veita vart stort. I 1969 kjøpte brukarane på Saude ein plastslange som dei la i Sausveita. Utearbeidarane på Harastølen gjorde 2 forsøk på å trekka plastslangen gjennom røyrene i tunet på Harastølen. Dei lukkast ikkje og konkluderte med at røyrene måtte ha gått i stykker. Seinare vart det gjeve løyve til å leggja plastslangen frå Krekaflaten (kote 650) for å få tak i vatn i Døsjagrovi (Røsetelva). Dette har fungert fint heilt fram til at det kom nye eigarar på Harastølen, sjå kopi av vedlagt korrespondanse vi har hatt med Harastølen AS og Luster Energiverk.

Etter at me la plastslangen på Krekaflaten og fram til at Harastølen AS bygde minikraftverk (ein periode på nesten 30 år) var Døsjagrovi nesten aldri tørr på Krekaflaten (kote 650). Etter at dei nye minikraftverka kom i gang, har elva i fleire år vore tørrlagd på Krekaflaten i midten av juli og langt utover hausten. Når dei no skal auka dimensjonen på røyrene til kraftanlegget frå 28 cm til 60 cm er vi redd det ikkje vil bli att ein dråpe vatn til oss.



Bilde frå Krekaflaten kote 650. Kva verdi har ein vassrett når elva er tørr store deler av sommaren ?

Våre forsøk gjennom fleire år på å komma i dialog med Haralstølen om vassretten vår har ikkje ført fram.

Vår kommentar til konsesjonssøknaden:

- Vassretten vår i Døsjagrovi (Røseteelva) er ikke nemnd med eitt ord i konsesjonssøknaden til Døsjagrovi Kraftverk.
- Vi er heller ikkje komne med på oversikten over påverka grunneigarar og rettshavarar, vedlegg 10. *Ut frå vår erfaring med Harastølen AS virkar det ikkje tilfeldig at våre rettar i elva er uteletne.*
- Søknaden legg til grunn ei minstevassføring på 20 l/sek. Vi har sett at sjølv når det renn godt med vatn over demningen på Røsete, forsvinn vatnet raskt i grunnen nedanfor demningen sidan elvefaret for ein stor del er ur. Så ei minstevassføring på 20 l/s vil ikkje renna langt før elvefaret er tørt.
- Vi vil også ta med at Sausveita, som vart bygd for snart 150 år siden, burde vera å rekna som eit kulturminne som må sikrast mot ytterlegare forfall.

Kva er vårt behov :

Vi har behov for vatn frå reguleringsområdet i juni, juli og august, noko mindre i september og oktober. Vatnet som kjem i plastslangen går til hushaldning, fjøs, til dyr på inn- og utmarksbeite samt jordbruksvatning. Når vatnet blir sleppt i enden av Sausveita virkar berglaget som eit reservoar og fører vatnet til brønnane på Saude. Jamfør vedlagde kopi av rettsbok frå Indre Sogn heradsrett, 24/6-80.


Vårt krav:

Vi krev at utbyggjaren av Døsjagrovi anerkjenner den retten vi har til vassforsyning frå reguleringsområdet i samsvar med eldre avtalar. Utbyggjar må påleggjast å sikra oss ein jamn og regelmessig tilgang på vatn frå Døsjagrova, ved at vi får leggja ein 2 ½ toms (75 mm) plastslange ved inntaket på Røsete, kote 744. Vårt uttak av vatn må koma i tillegg til minstevassføringa. Dette bør vera mogleg, sjå brev frå Harastølen A/S datert 31.01.07, samt innskanna utdrag av brev frå Luster Energiverk pkt. 4 dat 01.03.2007, kor dei svara på spørsmål frå Hans H Urdahl.

4. Kva har de tenkt å gjere med vassretten til Saude i Røseteelva?

Den planlagde vasskraftutbygging skal ikkje hindre vasstilgong til Saude (jf. brev frå Syverud datert 31.01.2007). Tvert i mot har ein moglegheit med utbygginga å lage eit permanent og tilfredstillande vassinntak for gardane på Saude. I dette ligg og ein avtale med Harastølen AS om kvar slangen skal ligge. Med eksisterande magasineringa i Hellestvatnet burde det ligge til rette for sikrere tilsig til elva og dermed tilgongen til vatn for gardane på Saude og.

Med helsing
Luster Energiverk AS


Magnus Snøtun


Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Bankkonto
Luster Energiverk AS		57682900	57682920	3785.05.50663
Gaupnegrandane	E-postadresse			Foretaksregisteret
6868 GAUPNE	firmapost@lusterenergiverk.no			933 297292 MVA



Vi forventar at våre rettar blir tekne omsyn i konsesjonshandsaminga.

Med helsing


Olga Ellingseth


Gøril Elsebe Urdahl


Hans H. Urdahl

Vedlegg

1. Avtale, juni 1869
2. Brev frå og til Harastølen A/S og Luster Energiverk, dat 20.06.06 til 01.03.07
3. Brev frå og til Harastølen A/S, 2001 og 2002
4. Utskrift av rettsbok, Indre Sogn heradsrett, 24.06.80
5. 2 kart.

Har de spørsmål, henvend dykk til:

Hans H Urdahl, Luster Mobil.nr. 91710022 e-post h-urdahl@online.no
eller

Sogn Advokatkontor, Fjøre v 10, 6856 Sogndal, tlf 57675061

Epost sogn@advokatkontor.no